



Minneruner.

Ein kjend lenvikværing, Petter Johansen, Langnes er ikkje lenger å sjå millom oss.

Det vart slut med livet hans for nokre månader sidan etter hard sjukdom mest eit par år.

Petter Johansen var son til Johan Karel, Langnes og fyrste kona hans.

Forutan hardt arbeid på farsgarden var Petter med i den harde tevlinga på fiskefeltene, sildfiske, tung dorrydrift på Lofoten og Finnmark i årrekker.

Han gifta seg og fekk sin part av farsgarden, og det skal vera visst, han låg ikkje på latsida der heller. Barneflokket vaks, det vart mange som skulle ha mat og klea. Han var en tru forsyttar for sine til kvar tid.

Politisk sokna han i ungdomsåra til kommunismen — seinare var han trufast med i arbeiderpartiet. Han var en sjølvstendig, uredd kar som alltid torde ha si meining om han så vart aleine med ho.

Petter Johansen Langnes hadde i si tid mange kommunale ombod. Var i årrekker med i skolestyre, fattigstyre, heradstyre, likningsnemnd o. m.

Han var samvitsfull og gjekk alltid heilt inn for det han meinte var rett. Han tala ikkje i utrengsmål — ikkje i tida og u-tide, men når han tala vart det hørt på — det han hadde å bera fram. Han var en trufast slitar i politiken som i alt anna. Når han no er borte, minnes vi som er ung idag, det gode føredøme han synte oss og takkar han for det, og for det han var med å fremja for bygda vår.

Ungdom.